



Invitasjon til debatt:

Hesten si rolle i samfunnet

Nordfjord Hotell 3. mai 2018 kl 11.00

Norges Fjordhestlag og Vestenfjeldske Travforbund inviterer til næringsforum under hingsteutstillinga på Nordfjordeid. Det blir introduksjon av tema ved føredragsholdarar frå Det norske travselskap og Norges Fjordhestlag. Deretter vert det debatt rundt hesten si rolle i samfunnet, og kva for tiltak som kan gjerast for at lokalsamfunnet blir meir tilrettelagt for hest.

Debatten blir innleia med ein kort introduksjon om hesten si betydning for det norske samfunnet, og kva vi kan tilby både sentralt og lokalt. Det norske travselskap ønskjer også å skisserere nokre mulegheiter som kan gje hestesporten større spelerom – til glede for innbyggjarar i alle aldrar. Etterpå ønskjer vi at politikarane kan gjere greie for kva dei ønskjer å gjere for denne viktige næringa.

Etter debatten inviterer vi til lunsj på Nordfjord Hotell.

Vi håper de har høve til å vere med oss denne dagen. Har du spørsmål om arrangementet ta kontakt med Asle Espe ved Norsk Fjordhestsenter.

E-post asle.espe@norsk-fjordhestsenter.no Tlf: 480 38 338
Påmeldingsfrist snarast.



Hestenæringa er ei av distriktsnæringane i Norge som veks raskast, og har samtidig eit stort potensial for vidare vekst dersom rammevilkåra blir lagt til rette.

Visste du f.eks.:

- at det er ca. 125.000 hestar i Norge?
- at hestesporten samla sysselset ca. 16.500 personar, dvs. eit forholdsvis stort norsk konsern?
- at hesten er ein viktig helsearbeidar innan fleire sektorar?
- at stallen truleg er Norges største SFO (skulefritidsordning)?
- at hesten bidrar til å knyte land og by nærmare kvarandre?
- i Sverige er hest den nest største landbruksnæringa, potensialet i Norge er derfor stort